


# Sivilsamfunnsdeltaking blant innvandrere i Noreg

Ivar Eimhjellen, Henrik Litleré Bentsen og Dag Wollebæk



Senter for forskning på  
sivilsamfunn & frivillig sektor

# Ulike føresetnader for frivilligheit

Deltaking og engasjement i sivilsamfunnet og i frivillige organisasjonar kan vere ein måte for innvandrarar å bygge sosiale nettverk, fellesskap og tillit til andre på, og det kan dermed ha ein sosialt integrerande funksjon. Ulike innvandrargrupper vil likevel kunne ha ulike føresetnader for å engasjere seg, bygge tillit og bli integrert i eit samfunn, knytt både til kjenneteikn ved grupper og individ, og kjenneteikn ved samfunna innvandrarar kjem frå, og samfunna dei skal integrerast i.



**Individforklaringar:** Dei personlege ressursane og den sosioøkonomiske statusen til individ, spesielt knytt til utdanning, påverkar graden av sivilsamfunnsdeltaking, på den måten at meir ressursar og høgare status er knytt til meir sivilsamfunnsdeltaking. Mange innvandrargrupper har færre ressursar enn majoritetsbefolkninga i Noreg, som igjen har konsekvensar for deltakingsnivået.

**Innvandringsrelaterte forklaringar:** Ulike land har ulike sivilsamfunn og ulike kulturar for samfunnsengasjement. Dette gjer at innvandrarar frå ulike land har ulike føresetnader for sivilsamfunnsengasjement i Noreg. Innvandrarar kjem også til Noreg av ulike årsaker, for eksempel på grunn av flukt, arbeid, eller familiegjenforeining, som igjen påverkar potensialet for samfunnsengasjement og integrering. Samtidig er offentlege tiltak for integrering av innvandrarar (introduksjonsprogram) hovudsakleg retta mot flyktningar.




# Frivillig arbeid blant innvandrарar i Noreg

Det er generelt færre blant innvandrарar enn blant norskfødde som deltek som frivillige for frivillige organisasjonar i Noreg. Samtidig ser det ut til at frivillige blant innvandrарar legg ned fleire timar frivillig arbeid enn norskfødde frivillige. På same måte som blant norskfødde er frivillig arbeid for idrettsorganisasjonar mest vanleg blant innvandrарar. Dei fleste frivillige blant innvandrарar engasjerer seg for berre ein organisasjonstype.

Innvandrарar frå Sri Lanka er oftast frivillige, etterfølgd av innvandrарar frå Tyrkia, Bosnia-Hercegovina og Somalia. Innvandrарar frå Polen har den klart lågaste delen frivillige. Ferdigheiter i norsk språk ser ut til å vere ei sentral forklaring på kven som gjer frivillig arbeid blant innvandrарar.

Prosentdel frivillige etter landbakgrunn



Tal frå Levekårsundersøkelsen blant innvandrere 2016 (SSB).

# Frivillig arbeid og tillit

Vi har målt kor stor tillit innvandrarane har til andre menneske, ved å spørje dei: «Vil du stort sett si at folk flest er til å stole på, eller at en ikke kan være for forsiktig når en har med andre å gjøre? (Skala: 0=ingen tillit, 10=høy tillit)».

Innvandrarar som er frivillige i éin eller fleire organisasjonstypar, er meir tillitsfulle enn dei som ikkje er frivillige. Om ein i det heile deltar som frivillig eller ikkje, ser ut til å bety meir for tillitsnivået enn kor mange timar frivillig arbeid som blir utført. Dette tyder på at tillit er ein føresetnad for frivillig arbeid, på den måten at dei meir tillitsfulle oftare søker seg til frivillig arbeid. Frivillig arbeid for idrettsorganisasjonar skil seg spesielt positivt ut i samanheng med tillitsnivået blant innvandrarar.




Innvandrarar som er frivillige i fleire typar organisasjonar, er meir tillitsfulle

Talet på organisasjonstypar	Tillitsnivå
Ingen	5,7
Éin	6,1
To eller fleire	6,5

Estimert tillitsnivå på skala 0–10, etter kor mange organisasjonstypar innvandrarane har vore aktive i det siste året (N = 3512).

Timar brukt på frivillig arbeid betyr lite for tillitsnivået




Estimert tillitsnivå på skala 0–10, etter kor mange timar innvandrarane har brukt på frivillig arbeid det siste året (N = 3512).

# Frivillig arbeid og valdeltaking

Innvandrarar med norsk statsborgarskap som er frivillige i éin eller fleire organisasjonar har større sannsyn for å delta i kommuneval.



Som forventa er frivillig arbeid for politiske organisasjonar tett knytt til valdeltaking, men også idrettsfrivilligheit er nær kopla til denne typen politisk deltaking.



Talet på organisasjonstypar ein har utført frivillig arbeid for  
Sannsyn for deltaking etter kor mange organisasjonstypar ein har utført frivillig arbeid for (N = 2417).

## Frivillig arbeid og uformell omsorg

Innvandrarar som deltar i frivillig arbeid for organisasjonar, utfører oftare uformelt ulønt omsorgsarbeid for andre utanfor hushaldet. Frivillig arbeid for organisasjonar og i form av omsorgsarbeid for andre ser ut til å vere komplementære deltakingsformer. Samanhengen er ikkje overraskande sterkast for dei som gjer frivillig arbeid for pasientorganisasjonar.



# Polske innvandrere har det lågaste nivået av sivilsamfunnsdeltaking

Polakkar er systematisk underrepresenterte i ulike former for sivilsamfunnsdeltaking, enten det gjeld frivillig arbeid, politisk deltaking eller ulønt omsorgsarbeid. Dei har også lågast nivå av tillit samanlikna med andre innvandrargrupper.

## Sentrale barrierer for deltaking:

- Integrering tar tid, og polakkar er ei relativt ny innvandrargruppe i Noreg.
- Den polske kulturen og tradisjonen for frivillig engasjement er av ein heilt motsett karakter av den vi har i Noreg, og inneber manglande kunnskap om og ein skepsis mot norsk frivillig arbeid.
- Arbeidssituasjonen og den økonomiske situasjonen til polakkar i Noreg set grenser for tilgjengeleg tid og ressursar polakkar har til å engasjere seg.
- Polakkar kan leve eit tilnærma polsk liv i Noreg, utan å knyte seg til nordmenn og norsk kultur og samfunnsliv. Den katolske kyrkja i Noreg er eit samanbindande ledd mellom polakkar, heller enn mellom polakkar og nordmenn.
- Den viktigaste barrieren for deltaking ser ut til å vere at få polakkar meistrar det norske språket, noko som hindrar sosialisering med nordmenn og deltaking i norsk samfunnsliv.

